



DELÅRSRAPPORT

3. kvartal 2020

Voss, 20. oktober 2020
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 3. KVARTAL 2020

GENERELT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Finance Reporting Standard).

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 3. kvartal på 42,1 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 2,5 mill. kr i høve til same periode i 2019. Resultat av ordinær drift før skatt er 36,1 mill. kr mot 44,8 mill. kr i 2019. Resultat etter skatt er 27,6 mill. kr mot 33,7 mill. kr i 2019.

Totalresultat pr. utgangen av 3. kvartal 2020 er 27,7 mill. kr mot 34,0 mill. kr for same periode i fjor.

Eigenkapitalavkastninga etter skatt er 6,3 % pr. utgangen av 3. kvartal i år mot 9,1 % for tilsvarende periode i fjor. Nedgangen skuldast i hovudsak auka nedskrivningar på utlån, verdiendring finansielle instrument og i tillegg noko høgare kostnader.

For 3. kvartal isolert (2019 tala i parentes) er resultat før tap 15,2 mill. kr (16,0), resultat før skatt 14,9 mill. kr (16,8), resultat etter skatt 11,5 mill. kr. (12,4) og totalresultat 11,6 mill. kr (13,4).

RENTENETTO

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter ved utgangen av 3. kvartal er bokført til 68,8 mill. kr. Dette er på same nivå som same periode i 2019. Det vart gjort ei justering av utvalde innskotsrenter i 3. kvartal, og dette vil få effekt frå 4. kvartal.

Isolert for 3. kvartal var netto rente- og kredittprovisjonsinntekter 23,8 mill. kr mot 24,9 mill. kr i 2019.

Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av råveldekapital, er ved utgangen av 3. kvartal 1,64 % (1,77 %).

ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 3. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 10,0 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 0,5 mill. kr samanlikna med same periode i fjor. Netto provisjonsinntekter har auka med 0,4 mill. kr, medan utbytte og netto verdiendring på finansielle instrument er redusert med 0,9 mill. kr.

For kvartalet isolert er netto andre driftsinntekter 4,0 mill. kr mot 4,3 mill. kr i 2019.

Det er positivt å registrere at provisjonsinntekter frå sal av forsikrings- og spareprodukt framleis aukar jamt og trutt. Dette er områder banken satsar på. Banken får fleire kundar innan forsikring og sparing/plassering.

DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 3. kvartal bokført til 36,7 mill. kr mot 34,8 mill. kr i fjor. Lønn og andre personalkostnader er redusert med 0,2 mill. kr, medan andre driftskostnader har auka med 1,3 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak auka IKT-kostnader. Avskrivningane har auka med 0,9 mill. kr. I fjor hadde banken ei ekstraordinær inntekt på sal av anleggsmiddel på 1,5 mill. kr, slik at dei faste avskrivningane er redusert med 0,6 mill. kr.

Isolert for 3. kvartal er driftskostnadane 12,6 mill. kr mot 13,1 mill. kr i 2019.

TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

Ved utgangen av 3. kvartal har banken netto kostnadsført tap og nedskrivningar på utlån med 5,9 mill. kr mot ei tilbakeføring på 0,2 mill. kr i fjor. For nærare spesifisering, sjå note 2 og 3.

For 3. kvartal isolert aukar netto kostnadsført tap og nedskrivningar på utlån med 0,3 mill. kr mot ei tilbakeføring på 0,8 mill. kr i tilsvarande periode i 2019.

Banken har i lys av covid-19 utbrotet auka nedskrivningane på utlån i fyrste halvår, og har vidareført det i 3. kvartal.

RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin rådveldekapital ved utgangen av 3. kvartal er 5.693 mill. kr. Dette er ein auke på 279 mill. kr (+5,2 %) siste året. Inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er rådveldekapitalen 6.056 mill. kr.

INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 3. kvartal på 3.785 mill. kr. Dette er ein auke på 271 mill. kr (+7,7 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 3. kvartal er 76,50 % mot 72,6 % på same tidspunkt i fjor.

Innskotsveksten isolert for 3. kvartal er 59 mill. kr (1,6 %).

UTLÅN

Banken har ved utgangen av 3. kvartal i år hatt ein vekst i utlåna siste året på 109 mill. kr (+2,2 %). Utlånsveksten til næringskundar er 28 mill. kr (2,8 %), medan utlånsveksten til personkundar er 80 mill. kr (+2,1 %). Utlånsveksten isolert for 3. kvartal er 36 mill. kr (0,7 %).

Brutto utlån til kundar er samla 4.949 mill. kr mot 4.840 mill. kr ved utgangen av 3. kvartal 2019. Av samla utlån er 1.042 mill. kr (21,0 %) utlån til næringsverksemd og 3.907 mill. kr (79,0 %) til personmarknaden. I tillegg har banken formidla lån til personmarknaden via Eika Boligkreditt (EBK) med samla uteståande ved utgangen av 3. kvartal på 363 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 8,5 % mot 9,2 % i 2019. Dette utgjer 6,8 % (7,4 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst gjennom auka bruk av EBK.

LIKVIDITET

Veksten i utlån dei siste 12 månadane har vore finansiert gjennom auke i innskot. Banken har pr. 3. kvartal uteståande obligasjonsgjeld på 1.176 mill. kr mot 1.277 mill. kr ved utgangen av 3. kvartal 2019. Sjå note 8 for nærare detaljar. Ved utgangen av 3. kvartal er banken sin likviditet god med LCR 229 % og NSFR 131 %.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 20,35 % ved utgangen av 3. kvartal mot 17,46 % på tilsvarande tidspunkt i fjor. Netto ansvarleg kapital i banken er 600,3 mill. kr, mot 504,7 mill. kr same periode ifjor.

Kjernekapitalen til banken er 540,3 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 500,3 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 18,32 % (16,07 % i 3. kv. 2019) og ei rein kjernekapitaldekning på 16,96 % (14,33 % i 3. kv. 2019) av berekningsgrunnlaget. Uvekta

kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,3 % ved utgangen av 3. kvartal 2020 mot 8,4 % på tilsvarende tidspunkt i fjor.

Overskotet til no i år er ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning. Utbyttet som styret i banken foreslo i styremøte 28. januar 2020 på NOK 7,- per aksje er heller ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning. Banken har ikkje fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet.

Frå 01.01.2018 rapporterer banken konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Banken si konsoliderte kapitaldekning er 19,71 % ved utgangen av 3. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 17,66 % og 16,28 %. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 8,59 %.

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

UTSIKTENE FOR 2020

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken har klart å styrke kjernedrifta dei siste åra gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst, vekst i andre inntekter og kostnadsreduksjonar. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrker banken sitt inntektsgrunnlag.

Covid-19 pandemien har i stor grad påverka både privatpersonar og bedrifter i heile landet. Dette har også råka banken sitt hovudmarknadsområde Voss med omland hardt med stigande arbeidsløyse og redusert aktivitet. Den gradvise gjenopninga av samfunnet i 2. og 3. kvartal, har ført til ei positiv utvikling i vårt marknadsområde. Det er framleis ein del usikkerheit knytt til pandemien sine konsekvensar på kort og lang sikt. Heile samfunnet vil verta prega av dette i lang tid framover. Det ser ut til at pandemien er under kontroll i Noreg per dags dato, men ein kan ikkje utelukka tilbakeslag eller ei andre bylgje som vil kunne få store konsekvensar. Det er per i dag ikkje mogleg å estimere dei økonomiske effektane på lang sikt, trass i at det har vore ei positiv utvikling i 2. og 3. kvartal. Covid-19 vil truleg påverke den økonomiske veksten både i Noreg og globalt i lengre tid frametter, og dermed også banken og banken sine kundar. Banken har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivningane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Banken har klart å oppretthalde god service og oppfylgging av kundane i den pågåande covid-19 situasjonen. Alle banken sine forretningsfunksjonar har fungert som dei skal i denne perioden.

Banken har dei siste åra hatt ein konservativ risikoprofil når det gjeld forvaltningsmandat i sin marknadspolicy, og det er inngått avtale med Eika Kapitalforvaltning om forvaltning av banken si portefølje. Dette har sikra banken låg risiko og profesjonell forvaltning av verdipapirportefølja, og risiko for tap i portefølja er minimal.

FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for 3. kvartal 2020 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.


Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 20. oktober 2020


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Stein Kvarekvål
Styreleiar


Olav Seim


Nils T. Ringheim


Kathrine Løno Lahlum
Nestleiar


Solfrid Dagestad Midttun
Tilsette sin repr.



Stig Gunnar Røthe
Banksjef

| Resultat | | 3. kvartal isolert | | 3. kvartal | 3. kvartal | Året |
|--|-------------|---------------------------|---------------|-------------------|-------------------|-----------------|
| <i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i> | Note | 2020 | 2019 | 30.9.20 | 30.9.19 | 31.12.19 |
| Renteinntekter og liknande inntekter berekna etter effektivrentemetoden | | 32.882 | 43.981 | 114.418 | 121.131 | 167.446 |
| Øvrige renteinntekter på eignelutar vurdert til verkeleg verdi | | 804 | 983 | 4.105 | 2.463 | 3.676 |
| Rentekostnader og liknande kostnader | | 9.901 | 20.094 | 49.764 | 54.800 | 74.868 |
| Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter | | 23.786 | 24.870 | 68.759 | 68.795 | 96.254 |
| Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester | | 3.782 | 4.241 | 10.499 | 10.586 | 14.968 |
| Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester | | 531 | 618 | 1.668 | 2.172 | 2.772 |
| Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument | | 46 | 64 | 1.879 | 1.614 | 1.614 |
| Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument | Note 7 | 654 | 581 | -688 | 474 | 1.197 |
| Andre driftsinntekter | | 0 | 8 | 8 | 78 | 85 |
| Netto andre driftsinntekter | | 3.950 | 4.275 | 10.029 | 10.578 | 15.093 |
| Lønn og andre personalkostnader | | 5.710 | 6.187 | 15.763 | 15.972 | 21.768 |
| Andre driftskostnader | | 6.344 | 6.324 | 19.449 | 18.199 | 25.546 |
| Av-/nedskrivingar og vinst/tap på ikkje finansielle eignelutar | | 505 | 618 | 1.512 | 612 | 1.100 |
| Sum driftskostnader | | 12.559 | 13.129 | 36.725 | 34.783 | 48.414 |
| Resultat før tap | | 15.177 | 16.017 | 42.064 | 44.590 | 62.932 |
| Kreditttap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir | Note 5 | 304 | -832 | 5.933 | -238 | 2.456 |
| Resultat før skatt | | 14.873 | 16.849 | 36.131 | 44.829 | 60.476 |
| Skatt på resultat | | 3.379 | 4.499 | 8.564 | 11.115 | 13.725 |
| Resultat etter skatt | | 11.495 | 12.350 | 27.567 | 33.713 | 46.751 |
| <i>Andre kostnader og inntekter - Tal i tusen kroner</i> | | | | | | |
| Verdiendringar knytt til investeringar i eigenkapitalinstrument | Note 7 | 1.239 | 1.026 | 729 | 313 | 1.660 |
| Andre postar | | -1.147 | 0 | -610 | 0 | 55 |
| Sum andre inntekter og kostnader som ikkje blir omklassifisert til resultatet | | 92 | 1.026 | 119 | 313 | 1.715 |
| Totalresultat | | 11.587 | 13.376 | 27.686 | 34.026 | 48.467 |
| Resultat per aksje | | 5,18 | 6,50 | 12,41 | 17,74 | 23,35 |

| Balanse - Eignelutar | | | | |
|---|--|-------------|------------------|------------------|
| <i>Tal i tusen kroner</i> | | <i>Note</i> | 30.9.20 | 30.9.19 |
| Kontantar og kontantekvivalentar | | | 11.540 | 13.806 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og sentralbanken | | | 206.269 | 308.470 |
| Netto utlån og fordringar på kundar til verkeleg verdi over utvida resultat | | | 3.841.210 | 3.735.257 |
| Netto utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost | | Note 4 | 1.077.918 | 1.084.050 |
| Renteberande verdipapir | | Note 7 | 401.290 | 185.497 |
| Finansielle derivat | | | 0 | 1.320 |
| Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument | | Note 7 | 131.906 | 60.825 |
| Varige driftsmiddel | | | 19.935 | 21.580 |
| Andre eignelutar | | | 3.385 | 3.472 |
| Sum eignelutar | | | 5.693.453 | 5.414.276 |
| Balanse - Gjeld og eigenkapital | | | | |
| <i>Tal i tusen kroner</i> | | | 30.9.20 | 30.9.19 |
| Innlån frå kredittinstitusjonar | | | 50.113 | 72 |
| Innskot og andre innlån frå kundar | | | 3.785.466 | 3.514.001 |
| Gjeld stifta ved utferding av verdipapir | | | 1.176.010 | 1.276.982 |
| Anna gjeld | | | 14.800 | 22.321 |
| Avsetningar | | | 14.174 | 18.947 |
| Ansvarleg lånekapital | | | 60.045 | 40.146 |
| Fondsobligasjonskapital | | | 0 | 36.151 |
| Sum gjeld | | | 5.100.607 | 4.908.621 |
| Innskoten eigenkapital | | | 58.016 | 9.423 |
| Opptent eigenkapital | | | 440.977 | 396.578 |
| Fondsobligasjonskapital | | | 40.000 | 40.116 |
| Fond for urealiserte vinstar | | | 26.286 | 25.825 |
| Perioden sitt resultat etter skatt | | | 27.567 | 33.713 |
| Sum eigenkapital | | | 592.846 | 505.655 |
| Sum gjeld og eigenkapital | | | 5.693.453 | 5.414.276 |

Voss, 20. oktober 2020


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Stein Kvarekvål
Styreleiar


Olav Seim


Nils T. Ringheim


Kathrine Løno Lahlum
Nestleiar


Solfrid Dagestad Midttun
Tilsette sin repr.


Stig Gunnar Røthe
Banksjef

EIGENKAPITALOPPSTILLING

| Tal i tusen kroner | Innskoten egenkapital | | | | Opptent egenkapital | | | Sum egenkapital |
|--|-----------------------|--------------|---------------|----------------|---------------------------------|-----------------------------|----------------|-----------------|
| | Aksjar | Eigne aksjar | Overkurs | Hybrid-kapital | Fond for urealiserte vinstar | Anna opptent egenkapital | | |
| Eigenkapital 31.12.2019 | 11.103 | -82 | 46.995 | 40.000 | 27.425 | 441.146 | 566.588 | |
| Resultat etter skatt | | | | 1.428 | -1.258 | 27.397 | 27.567 | |
| Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi | | | | | 84 | | 84 | |
| Renteberande verdipapir til verkeleg verdi | | | | | 644 | | 644 | |
| Utlån kundar til verkeleg verdi (ECL 12 mnd) | | | | | -213 | | -213 | |
| Skatt på renteberande verdipapir og utlån til verkeleg verdi | | | | | -396 | | -396 | |
| Totalresultat 30.09.2020 | 0 | | 0 | 1.428 | -1.139 | 27.397 | 27.686 | |
| Transaksjonar med eigarane | | | | | | | 0 | |
| Utbetalt utbytte | | | | | | | 0 | |
| Utbetalte renter hybridkapital | | | | -1.428 | | | -1.428 | |
| Endring egne aksjar | | | | | | | 0 | |
| Eigenkapital 30.09.2020 | 11.103 | -82 | 46.995 | 40.000 | 26.286 | 468.543 | 592.846 | |
| Eigenkapital 31.12.2018 | 9.500 | -76 | 0 | 40.115 | 25.512 | 410.836 | 485.887 | |
| Resultat etter skatt | | | | | | 33.713 | 33.713 | |
| Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi | | | | | 313 | | 313 | |
| Endring nedskrivning portefølje Eika Boligkreditt | | | | | | -8 | -8 | |
| Totalresultat 30.09.2019 | 0 | 0 | 0 | 0 | 313 | 33.705 | 34.018 | |
| Transaksjonar med eigarane | | | | | | | | |
| Utbetalt utbytte | | | | | | -14.250 | -14.250 | |
| Eigenkapital 30.09.2019 | 9.500 | -76 | 0 | 40.115 | 25.825 | 430.291 | 505.655 | |
| Eigenkapital 31.12.2018 | 9.500 | -76 | 0 | 40.115 | 25.512 | 410.836 | 485.887 | |
| Korreksjon fond for urealiserte vinstar | | | | | 713 | -713 | 0 | |
| Resultat etter skatt | | | | 1.860 | -516 | 45.407 | 46.751 | |
| Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi | | | | | 1.660 | | 1.660 | |
| Renteberande verdipapir til verkeleg verdi | | | | | -61 | | -61 | |
| Utlån kundar til verkeleg verdi (ECL 12 mnd) | | | | | 135 | | 135 | |
| Skatt på renteberande verdipapir og utlån til verkeleg verdi | | | | | -18 | | -18 | |
| Totalresultat 31.12.2019 | 0 | 0 | 0 | 1.860 | 1.913 | 44.694 | 48.467 | |
| Transaksjonar med eigarane | | | | | | | | |
| Kapitalauke | 1.603 | | 48.397 | | | | 50.000 | |
| Kostnader ved kapitalauken etter skatt | | | -1.402 | | | | -1.402 | |
| Utbetalt utbytte | | | | | | -14.250 | -14.250 | |
| Utbetalte renter hybridkapital | | | | -1.975 | | | -1.975 | |
| Endring egne aksjar | | -6 | | | | -134 | -140 | |
| Eigenkapital 31.12.2019 | 11.103 | -82 | 46.995 | 40.000 | 27.425 | 441.146 | 566.588 | |

NOTE 1 - GENERELL INFORMASJON

Covid-19 pandemien har prega økonomien både globalt, nasjonalt og lokalt sidan landet i praksis vart stengt ned 12. mars. Den gradvise gjenopninga har gjeve positive effektar også i 3. kvartal, men krisa er ikkje over. Styresmaktene har iverksett fleire tiltak for å hjelpe privatpersonar og næringsliv. Heile samfunnet vil likevel verta prega av dette i lang tid framover. Lengda på krisa vil avgjere kor store konsekvensane vert. Det er per i dag ikkje mogleg å estimere dei økonomiske effektane. Dette vil påverke den økonomiske veksten både i Noreg og globalt, og dermed også banken og banken sine kundar. Historisk har det likevel vore slik at Voss med omland har kome godt ut av tidlegare kriser. Banken med si fordeling 79 % PM og 21 % BM, med ei godt diversifisert BM-portefølje og ein solid kapitalsituasjon har gode føresetnader til å takle krisa godt.

Utlån med statsgaranti frå Garantiinstituttet for eksportkreditt (GIEK)

Dette er ei låneordning som staten har innført for å hjelpe bedrifter som står i ei akutt likviditetskrise som fylgje av direkte eller indirekte verknader av Covid-19. Ordninga er basert på at det er bankane som skal administrere den og syte for at vilkår i lov og forskrift er oppfylt. Statleg garanterte lån under ordninga inneber at staten garanterer for 90 % av banklån til bedrifter som kvalifiserer under ordninga. Vekselbanken har fått tildelt ei ramme på 148,3 mill. kr under ordninga, og har pr. utgangen av 3. kvartal innvilga lån for 28,8 mill. kr fordelt på 12 lån.

NOTE 2 - REKNESKAPSPRINSIPP OG -ESTIMAT

Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen omfattar perioden 01.01.2020 - 30.09.2020. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IFRS-delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande standardar under IFRS og IFRIC-fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2019.

Covid-19 situasjonen har ført til ein vesentleg og rask endring i kredittrisikoen for banken sin portefølje. Uvisse knytt til dette, har gjort det naudsynt å gjera ein justering på porteføljnivå for forventa tap.

Viktige rekneskapsestimater og skjønnsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskapen medfører at leiinga gjer estimat og skjønnsmessige vurderingar og tek føresetnader som påverkar effekten av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I årsrekneskapen for 2019 er det gjort nærare greie for kritiske estimat og vurderingar vedrørende bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle gjer føresetnader og må nytta estimat og skjønnsmessige vurderingar. Estimater og skjønnsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett på som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønnsmessige vurderingane som er nytta.

Nedskrivningar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetja verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane. Nedskrivingsvurderingar vert gjennomførte kvart kvartal. Prosessen med individuelle og gruppevise vurderingar ifm. nedskrivningar i steg 3, har ikkje vorte endra som følgje av covid-19.

Nedskrivningar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivningar (IFRS 9-nedskrivningar) på utlån og garantiar. Nedskrivning vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper. Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, herunder sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makrotilhøve. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i årsrapport for 2019 for ei skildring av nedskrivningsmodellen under IFRS 9, samt omtale av vesentleg auke i kredittrisiko og kriterier for overgang til steg 2. Betalingslettingar gjeve som konsekvens av covid-19 situasjonen, har ikkje automatisk ført til forbearancemarkering eller overgang til steg 2.

Uvisse knytt til estimata fører til at det har vore naudsynt å nytta vesentleg meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivningar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for situasjonen som har oppstått, med vesentleg svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med det som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivingsmodellen.

Banken har berekna nedskrivningar i steg 1 og steg 2 for kundar i bedriftsmarknaden, på grunnlag av kor utsette dei ulike bransjane er innafor banken sine engasjement. Nedskrivningane for engasjement innafor ulike bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Det er teke omsyn til støtteordningar frå staten i vurderingane av justeringsfaktorar for dei ulike bransjane. Justeringsfaktoren for den enkelte bransje vert multiplisert med banken si eksponering i kvar bransje.

Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivningane per bransje.

Nedskrivningar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 har auka med 2,62 mill. kroner samanlikna med utgangen av fjoråret. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 5.

Kredittengasjement innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Banken har i hovudsak utlån med pant i bustadar som har låg gjennomsnittleg belåningsgrad. Det har vore ei positiv utvikling i bustadmarknaden i 3. kvartal.

Velferdsordningane i Noreg, inkl. spesifikke tiltak innført ifm. Covid-19 situasjonen t.d. for permitterte,

fører også til at engasjementa innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Likevel er det risiko for auka tap

også i denne porteføljen, og det er berekna tilleggsnedskrivningar med ein justeringsfaktor multiplisert med uteståande eksponering.

Nedskrivningar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 har auka med 0,9 mill. kroner samanlikna med utgangen av fjoråret.

Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 5.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

Det er større usikkerheit enn ellers i verdsetjinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3 (sjå note 7).

NOTE 3 - MISLEGHALDNE OG TAPSMERKA ENGASJEMENT

Misleghaldne engasjement

| | 3. kvartal 2020 | 3. kvartal 2019 | Året 2019 |
|---|--------------------|--------------------|--------------|
| Brutto misleghaldne engasjement - personmarknaden | 24.268 | 41.336 | 7.891 |
| Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden | 22 | 831 | 34 |
| Nedskrivningar i steg 3 (individuelle nedskrivningar) | -7.212 | -5.267 | -565 |
| Netto misleghaldne engasjement | 17.078 | 36.900 | 7.360 |

Andre tapsutsette engasjement

| | 3. kvartal 2020 | 3. kvartal 2019 | Året 2019 |
|--|--------------------|--------------------|---------------|
| Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement - personmarknaden | 2.974 | 9.286 | 47.060 |
| Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden | 28.414 | 22.860 | 27.747 |
| Nedskrivningar i steg 3 (individuelle nedskrivningar) | -13.234 | -11.056 | -16.603 |
| Netto tapsutsette engasjement | 18.154 | 21.090 | 58.204 |

NOTE 4 - FORDELING UTLÅN KUNDAR

| Utlån til kundar fordelt på sektorar og næringer | 3. kvartal | 3. kvartal | Året |
|--|------------------|------------------|------------------|
| | 2020 | 2019 | 2019 |
| Landbruk | 38.224 | 35.452 | 36.263 |
| Industri | 90.815 | 105.891 | 99.610 |
| Bygg, anlegg | 52.951 | 66.213 | 57.145 |
| Varehandel | 68.370 | 72.739 | 70.363 |
| Transport | 25.119 | 23.346 | 23.344 |
| Eigedomsdrift etc | 622.329 | 587.486 | 600.756 |
| Anna næring | 144.030 | 122.224 | 95.769 |
| Sum næring | 1.041.839 | 1.013.351 | 983.251 |
| Personkundar | 3.906.712 | 3.826.671 | 3.873.936 |
| Brutto utlån | 4.948.551 | 4.840.021 | 4.857.186 |
| Steg 1 nedskrivningar | -2.923 | -1.015 | -928 |
| Steg 2 nedskrivningar | -6.055 | -3.376 | -4.562 |
| Steg 3 nedskrivningar | -20.446 | -16.323 | -17.169 |
| Netto utlån til kundar | 4.919.128 | 4.819.308 | 4.834.528 |
| Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK) | 362.704 | 385.368 | 376.647 |
| Totale utlån inkl. portefølja i EBK | 5.281.832 | 5.204.676 | 5.211.175 |

NOTE 5 - NEDSKRIVINGAR, TAP, FINANSIELL RISIKO

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på misleghaldssannsyn (PD) på innreknings tidspunktet samanlikna med misleghaldssannsyn på balansedagen. Fordeling mellom steg vert føreteke for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, frå 12 månader venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariablar, berekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

| 30.09.2020 | Steg 1 | Steg 2 | Steg 3 | |
|--|-------------|--------------|--------------|---------------|
| Nedskrivningar på utlån til kundar - personmarknaden | 12 mnd. tap | Livstid tap | Livstid tap | Totalt |
| Nedskrivningar pr. 01.01.2020 | 435 | 1.049 | 7.069 | 8.553 |
| Overføringer mellom steg: | | | | |
| Overføringer til steg 1 | 49 | -329 | 0 | -280 |
| Overføringer til steg 2 | -19 | 389 | 0 | 369 |
| Overføringer til steg 3 | 0 | 362 | 362 | 724 |
| Nedskrivningar på nye utlån utbetalt i året | 21 | 10 | 141 | 172 |
| Utlån som er frårekna i perioden | -85 | -146 | -70 | -302 |
| Konstaterte tap | | | | 0 |
| Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre | -212 | -209 | 1.319 | 898 |
| Andre justeringar | 443 | 591 | 69 | 1.103 |
| Nedskrivningar personmarknaden pr. 30.09.2020 | 632 | 1.716 | 8.890 | 11.238 |

| 30.09.2020 | Steg 1 | Steg 2 | Steg 3 | |
|--|------------------|----------------|---------------|------------------|
| Brutto utlån til kunder - personmarknaden | 12 mnd. tap | Livstid tap | Livstid tap | Totalt |
| Brutto utlån pr. 01.01.2020 | 3.666.444 | 184.226 | 23.265 | 3.873.936 |
| Overføringer mellom steg: | | | | 0 |
| Overføringer til steg 1 | 88.902 | -88.902 | 0 | 0 |
| Overføringer til steg 2 | -70.153 | 70.153 | 0 | 0 |
| Overføringer til steg 3 | 0 | -1.422 | 1.422 | 0 |
| Nye utlån utbetalt | 836.921 | 6.871 | 0 | 843.792 |
| Utlån som er frårekna i perioden | -782.435 | -28.546 | -35 | -811.016 |
